



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1867 - 14/6126

Saksbehandlar:
Jorunn Nøttveit Moen
JNO@lindas.kommune.no

Dato:
17.03.2014

Klage frå Kløvheim barnehage på kommunalt tilskot 2014

I Lindås kommune sitt brev av 27.1.2014 om utrekning av det kommunale tilskotet for 2014 skreiv vi mellom anna:

«Vi gjer dykk merksam på at vi har redusert barnetallet i utrekningane med 2,16 store barn, slik at det er dei godkjente 34 plassane som ligg til grunn for utrekninga, jf. vedtak i kommunestyret 21.mars 2013, sak 25/2013.»

Kløvheim Barnehage AS har i brev av 17.2.2014 klaga over tilskotutmålinga for 2014. Dei meiner reduksjonen i barnetallet ved utrekning av tilskotet er ugyldig.

Lindås kommune har i utrekninga av oppholdstimar og tal plassar, lagt til grunn årsmeldinga pr. 15.12.2013:

Oppholdstimer pr uke	0-2 år	3-6 år	Gjennomsnittlig oppholdstid	Oppholdstimer 0-2 år	Oppholdstimer 3-6 år	Sum
0-8 timer			6	0	0	
9-16 timer			13	0	0	
17-24 timer	1	2	21	1 008	2 016	
25-32 timer		1	29	0	1 392	
33-40 timer	1		37	1 776	0	
41 timer eller meir	8	16	45	17 280	34 560	
Sum barn	10	19		20 064	37 968	58 032
Heltidsplasser				9,29	17,58	26,87

Generelt:

Antal oppholdstimar pr år for ein plass: 45 t x 48 = 2 160 timar

Kløvheim barnehage pr 15.12.2013:



Antal heile småbarnsplassar: $20\,064 : 2160 = 9,29$ plassar

Antal heile plassar store barn: $37\,968 : 2160 = 17,58$ plassar

Ein småbarnsplass tel for to plassar. Det gir: $9,29 \times 2 + 17,58 = 36,16$ plassar

Reknearket som PBL og KS har utvikla, gir same resultat.

I tilskotsforskrifta § 3 står det:

«Tilskuddet skal begrenses oppad til at den ikke-kommunale barnehagen ikke får tilskudd for flere barn enn det er plass til innenfor barnehagens godkjenning.»

Godkjenninga for Kløvheim barnehage er på 34 plasser. Vi meiner derfor at det ved utrekninga av tilskotet til ordinær drift frå 1.1.2014, er rett å redusere antal plassar med 2,16 plassar, til 34 plassar slik vi har gjort.

Klagen frå Kløvheim barnehage følger vedlagt.

Med helsing

Janne Sund
Konst. assisterande rådmann

Jorunn Nøttveit Moen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kløvheim Barnehage

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN